

EØS-ORGANER

EØS-KOMITEEN

KOMMISJONSVEDTAK

2013/EØS/38/01

av 11. juni 2007

om endring av vedtak 93/52/EØS med omsyn til fråsegna om at Romania er offisielt fri for brucellose (*B. melitensis*) og vedtak 2003/467/EF med omsyn til fråsegna om at Slovenia er offisielt fri for bovin brucellose(*)

[meldt under nummeret K(2007) 2400]

(2007/399/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 64/432/EØF av 26. juni 1964 om dyrehelseproblemer ved handel med storfe og svin innenfor Fellesskapet⁽¹⁾, særleg vedlegg A kapittel II nr. 7,

med tilvising til rådsdirektiv 91/68/EØF av 28. januar 1991 om krav til dyrehelse ved handel med sau og geit innenfor Fellesskapet⁽²⁾, særleg vedlegg A kapittel 1 avsnitt II, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Listene over regionar eller medlemsstatar som er godkjende som frie for brucellose (*B. melitensis*) i samsvar med direktiv 91/68/EØF, er førde opp i kommisjonsvedtak 93/52/EØF av 21. desember 1992 om konstatering av at visse medlemsstater eller regioner oppfyller vilkårene med hensyn til brucellose (*B. melitensis*), og om anerkjening av deres status som medlemsstater eller regioner offisielt fri for denne sykdommen⁽³⁾.
- 2) Etter at det i juli 2001 vart gjennomført ein veterinærkontroll vart det slått fast at Romania stettar dei krava som er fastsette i kapittel 1 avsnitt II nr. 1 bokstav b) i vedlegg A til direktiv 91/68/EØF. Difor vart Romania ført opp i kommisjonsvedtak 97/232/EF av 3. mars 1997 om utarbeiding av listen over tredjestatar som medlemsstatene tillater import fra av sau og geit⁽⁴⁾ som ein tredjestat som er godkjend som offisielt fri for brucellose (*B. melitensis*).

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 150 av 12.6.2007, s. 11, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 40/2008 av 25. april 2008 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantasentære forhold), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 52, 21.8.2008, s. 1.

⁽¹⁾ TEF 121 av 29.7.1964, s. 1977/64. Direktivet sist endra ved direktiv 2006/104/EF (TEU L 363 av 20.12.2006, s. 352).

⁽²⁾ TEF L 46 av 19.2.1991, s. 19. Direktivet sist endra ved direktiv 2006/104/EF.

⁽³⁾ TEF L 13 av 21.1.1993, s. 14. Vedtaket sist endra ved vedtak 2006/169/EF (TEU L 57 av 28.2.2006, s. 35).

⁽⁴⁾ TEF L 93 av 8.4.1997, s. 43. Vedtaket oppheva ved vedtak 2004/212/EF (TEU L 73 av 11.3.2004, s. 11).

- 3) Etter denne godkjenninga har Romania i tillegg plikta seg til å stette dei krava som er fastsette i kapittel 1 avsnitt II nr. 2 i vedlegg A til direktiv 91/68/EØF for å halde ved lag statusen som offisielt fri for sjukdommen.

- 4) Romania har no lagt fram for Kommisjonen dokumentasjon som på nytt stadfestar at heile territoriet stettar dei krava som er førde opp i kapittel A avsnitt II nr. 1 bokstav b) i vedlegg A til direktiv 91/68/EØF, og som syner at krava i kapittel 1 avsnitt II nr. 2 i vedlegg A til direktiv 91/68/EØF framleis vert stetta med omsyn til å halde ved lag godkjenninga som offisielt fri for sjukdommen.

- 5) Romania bør difor godkjennast som offisielt fri for brucellose (*B. melitensis*) når det gjeld driftseiningar for sauer eller geiter.

- 6) I direktiv 64/432/EØF er det fastsett at medlemsstatar eller delar av eller regionar i desse statane kan verte godkjende som offisielt frie for tuberkulose, brucellose og enzootisk bovin leukose hjå storfebuskappar, på det vilkåret at visse krav i direktivet er stetta.

- 7) Listene over regionar i medlemsstatar som er godkjende som frie for bovin tuberkulose, bovin brucellose og enzootisk bovin leukose, er fastsette i kommisjonsvedtak 2003/467/EF av 23. juni 2003 om fastsetjing av status for storfebuskappar i visse medlemsstatar eller regionar i medlemsstatar som offisielt frie for tuberkulose, brucellose og enzootisk bovin leukose⁽⁵⁾.

- 8) Slovenia har lagt fram for Kommisjonen dokumentasjon som syner at alle krava i direktiv 64/432/EØF er stetta for heile territoriet, slik at denne medlemsstaten kan verte godkjend som offisielt fri for brucellose.

⁽⁵⁾ TEU L 156 av 25.6.2003, s. 74. Vedtaket sist endra ved vedtak 2007/174/EF (TEU L 80 av 21.3.2007, s. 11).

9) Som følge av vurderinga av den dokumentasjonen som Slovenia har lagt fram, bør heile territoriet til denne medlemsstaten difor godkjennast som offisielt fri for brucellose hjå storfe.

Artikkel 2

I vedlegg II til vedtak 2003/467/EF vert kapittel 1 bytt ut med teksta i vedlegg II til dette vedtaket.

Artikkel 3

10) Vedtak 93/52/EØF og 2003/467/EF bør difor endrast.

Dette vedtaket skal nyttast frå den tredje dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

11) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

Artikkel 4

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

GJORT DETTE VEDTAKET:

Utferda i Brussel, 11. juni 2007.

Artikkel 1

Vedlegg I til vedtak 93/52/EØF vert bytt ut med teksta i vedlegg I til dette vedtaket.

For Kommisjonen

Markos KYPRIANOU

Medlem av Kommisjonen

VEDLEGG I«*VEDLEGG I*»**MEDLEMSSTATER**

ISO-kode	Medlemsstat
BE	Belgia
CZ	Tsjekkia
DK	Danmark
DE	Tyskland
IE	Irland
LU	Luxembourg
HU	Ungarn
NL	Nederland
AT	Østerrike
PL	Polen
RO	Romania
SI	Slovenia
SK	Slovakia
FI	Finland
SE	Sverige
UK	Det forente kongerike»

VEDLEGG II

«KAPITTEL 1

Medlemsstatar som er offisielt frie for brucellose

ISO-kode	Medlemsstat
BE	Belgia
CZ	Tsjekkia
DK	Danmark
DE	Tyskland
FR	Frankrike
LU	Luxembourg
NL	Nederland
AT	Austerrike
SI	Slovenia
SK	Slovakia
FI	Finland
SE	Sverige»